

Vedlegg:

1. Sluttrapport
2. Rekneskap
3. Revisjonssuttalelse dat. 21.11.4

Kopi til:
Økonomistaben

Sluttrapport frå bulystprosjektet

studiebygd@



Innhald

1. Innleiing	3
2. Organisering og arbeidsmåtar.....	3
3. Kva vil vi? Mål og målgrupper	5
4. Aktivitetar og tiltak.....	7
4.1 Delmål 1 - Digital integrasjon.....	7
4.2 Delmål 2 - Sosial integrasjon.....	7
4.3 Delmål 3 - Entreprenørskap og karriere	10
4.4 Nosituasjonsanalyse.....	13
4.5 Kommunikasjonsplan	13
4.6 Redaksjonsråd	13
4.7 Omdømmeskulen.....	14
4.8 Høgskulebygd-samarbeid/Byregion-samarbeid	14
4.9 Kommunikasjonsoppgåver	14
5. Samarbeid med andre	16
6. Resultat.....	16
7. Læring og overføringsverdi til andre	18
8. Vidareføring av partnerskapet	18

1. Innleiing

Ideen om StudiebygdA har sitt utspring i at ein framsynt student, Jonas Østvik, meinte at Volda burde gjere seg betre nytte av sine gode kvalitetar og bruke muligheitene vi har til å skape meir utvikling og vekst, til beste for både studentar og lokalsamfunn. Hausten 2010 spela han inn idéen om å lage eit partssamarbeid liknande Studieby1 i Trondheim for leiinga av Studenttinget i Volda, Høgskulen i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre og Volda kommune. Forslaget vart teke vel i mot, og kommunen foreslo etter kvart å koble dette med den distriktpolitiske satsinga Bulyst. I løpet av våren 2011 la partane grunnlag for ein søknad om forprosjektmidlar, og Volda kommune stilte som formelt ansvarleg søkjar. Men prosjektet skulle gjennomførast som eit partssamarbeid.

Forprosjektsøknaden gjekk gjennom, og vinteren 2011/ 2012 vart tida brukt til å bli samde om dei viktigaste arbeidsområda, prioritere mål og å lage ei enno breiare allianse for å styrke partnerskapen. Det vart arbeidd for å få med deltaking frå næringsliv og lokalsamfunn. Målsettingar og tiltak vart diskutert og prioritert i partssamansette arbeidsgrupper, i folkemøte, i politiske fora og i styringsgruppa. Då søknaden om hovudprosjektmidlar vart sendt i mars 2012, var også representantar for næringsliv og det frivillige Volda med som formelle partnarar. Såleis var grunnlaget lagt for ei brei oppslutning og tilgang til fleire viktige ressursar for gjennomføring av hovudprosjektet.

I juli 2012 kom meldinga frå Kommunal og regionaldepartementet om at vi fekk tildelt hovudprosjektmidlar. Då gjekk vi straks i gong med å spisse prosjektet ytterlegare og å få tilsett ny prosjektleiar, då prosjektleiar i forprosjektet hadde slutta tidlegare på året. Møre og Romsdal fylkeskommune har vore ein viktig medspelar og premissleverandør, og på bakgrunn av deira innspel vart hovudprosjektet justert både i forhold til mål og målgrupper i forkant av oppstart. Vi bestemte at vi skulle konsentrere oss meir om lokal utvikling i Volda. Frå november 2012 var endeleg prosjektleiar på plass, og i det følgjande presenterer vi essensen av det vi har jobba med i bulystprosjektet StudiebygdA fram til sommaren 2014.

Formelle partnarar i hovudprosjektperioden har vore Volda kommune, Høgskulen i Volda, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Sunnmøre kulturnæringshage, Volda næringsforum, Volda frivilligsentral og Møre og Romsdal fylkeskommune. Volda kommune har hatt det overordna ansvaret, og medarbeidarane i prosjektorganisasjonen har vore kommunalt tilsette.

2. Organisering og arbeidsmåtar

Som utgangspunkt for organisering av partssamarbeidet har vi brukt samstyringsteori (Governance). Samstyring er definert som *"...den ikke hierarkiske prosessen der offentlige og private ressurser koordineres og gis felles retning og mening."* (Peters og Pierre 2004). Kjenneteikna på samstyring er organisering der ein er gjensidig avhengig av kvarandre, at avgjersler er baserte på diskurs og/eller forhandling, samt at ein gjennomfører planlagt, målretta aktivitet. Makt og innflytelse er ikkje vekta i forhold til størrelsen på organisasjonen ein representerer, og kvar partnar blir sett på som like viktig for å nå måla for prosjektet.


Figur 2.1 viser korleis vi har tenkt at partnerskapen skal samvirke til felles utvikling. Involvering av fleire og ulike organisasjonar/deltakarar skal gi større legitimitet og auke kunnskapsgrunnlaget, som igjen skal føre til gode løysingar og betre avgjersler. I sum skal samarbeidet gi prosjektet større tyngde og gjennomslag.

StudiebygdA – Partnerskap: offentlig, privat og frivillig sektor



Figur 2.1 – Penta Helix modell – samarbeid StudiebygdA

I sjølve prosjektgjennomføringa har vi vore organisert etter ein klassisk prosjektstyringsmodell med styringsgruppe og arbeidsgrupper, jf. figur 2.2. I ein kort periode var det tre personar tilsett i prosjektorganisasjonen, men berre prosjektleiar har vore tilsett i heile den 18-månader lange prosjektperioden.



Figur 2.2 Organisering av StudiebygdA-partnerskapen

Dei lokale partnarane i Volda og Møre og Romsdal fylkeskommune hadde ein representant kvar i styringsgruppa, men sidan Volda kommune hadde det formelle ansvaret, var både rådmann og ordførar med. Ordførar var også leiar for styringsgruppa. Dei andre partnarane stilte med toppleiar til styringsgruppa.

I arbeidsgruppene har partnerane også hatt ein representant kvar. Frå dei store organisasjonane vart desse peika ut blant tilsette som hadde kompetanse på arbeidsfelta. Frå dei små organisasjonane Volda næringsforum, Sunnmøre kulturnæringshage og Volda frivilligsentral, var det same person i arbeidsgruppe som i styringsgruppa (dvs. dagleg leiar).

I tillegg til desse arbeidsgruppene har vi hatt nokre meir ad-hoc prega grupper, der vi har sett behov for det, m.a. ei arbeidsgruppe for å gjennomføre ein nullpunkts-analyse våren 2013, og eit redaksjonsråd for nettsida frå hausten 2013. I alt har over 40 personar vore med i ei eller fleire av gruppene i prosjektet (inkl. styringsgruppa).

På grunn av den korte prosjektperioden har partane måtta ha intens aktivitet, og til saman er det halde om lag 90 møter til saman i alle gruppene. Prosjektorganisasjonen har stort sett stått for saksutgreiingar, innkallingar og referat for alle grupper. I etterkant av møta har referata blitt distribuert til gruppene pr. e-post, og vi har også hatt eit felles google-område, der alle gruppedeltakarar kan logge seg inn og sjå saker og referat, også frå andre arbeidsgrupper og styringsgruppa. Slik har vi forsøkt å få informasjon om og mellom ulike arbeidsfelt tilgjengeleg for flest mogleg i prosjektet.

Undervegs har vi hatt to opne samlingar (i mars og desember 2013) der alle medlemmer i styrings- og arbeidsgrupper, samt andre deltakarar frå partnerane, har kunna tatt del.

3. Kva vil vi? Mål og målgrupper

Som nemnt i innleinga måtte vi spisse prosjektet etter at vi fekk tildeling og styringsgruppa formulerte formålet med StudiebygdA slik:


«Formålet med StudiebygdA er å styrke studiestaden Volda og Høgskulen i Volda si rolle i regionen. I prosjektet skal vi fokusere på evna til rekruttering og utvikling av kompetanse gjennom å bygge kulturell og sosial integrasjon mellom arbeidsliv, frivillig sektor, innbyggjarar, studentar og nye tilflyttarar.» (Prosjektomtale, januar 2013)



Sunnmørsposten 16.01.13 har ei sak om rolla regionale høgskular har for regional utvikling

Styringsgruppa innarbeidde også at prosjektet skulle vere eit strategisk omdømmearbeid, og hovudmålgruppene vart peika ut til å vere ungdom, studentar og tilflyttarar.

Volda ønskjer å oppretthalde og styrke seg som studiestad. Det har vore lærarutdanning i Volda i over 150 år, heilt tilbake til 1861 ([les meir om skulestaden Volda her](#)). Dette er ein arv som vi vil ta vare på. Vi vil også vere ei motvekt til sterke sentraliseringskrefter, og eit tydeleg og attraktivt alternativ for både utdannings- og arbeidssøkjande.



Tidlegare Volda lærarskule, no Henrik Kaarstad-huset v/ Høgskulen i Volda, er eit landemerke i bygda

Som følgje av revisjonen av formål, vart også delmåla for prosjektet revidert slik:

Delmål 1 – Digital integrasjon:

Etablere sams digital informasjonsplattform som er spesielt tilrettelagt for behova til ungdom, studentar og (potensielle) tilflyttarar.

Delmål 2 – Sosial integrasjon:

Systematisere og vidareutvikle kulturelle og sosiale tilbod som samfunnsdagar, festivalar, kulturtilbod, arbeid i lag og organisasjonar m.m. som møtestad mellom alle grupper i samfunnet.

Delmål 3 – Entreprenørskap og karriere:

Systematisk hjelp til sjølvhjelp og tilrettelegging for studentar/kandidatar, innflyttarar og fastbuande i bedriftsetablering/-utvikling, og tilrettelegging for utdannings- og arbeidslivskarriere.

Fordi kvar arbeidsgruppe vart sett saman av representantar for ulike organisasjonar og kulturar, brukte vi ein del tid på å gå gjennom og analysere «bestillingane» i gruppene. Kva kunne vi gjere som gav meirverdi for alle partnarar? Vi tok også omsyn til resultatata frå

nosituasjonsanalysen, og brukte tid på tema som analysen viste at vi burde prioritere. Bestillingane vart løyst på beste måte i forhold til dei ressursane vi rådde over.

4. Aktivitetar og tiltak

Her følgjer ei oversikt over dei viktigaste aktivitetane og tiltaka som vi har jobbe med på dei tre prioriterte arbeidsområda (jamfør delmål 1-3), samt at vi kort omtalar nokre andre oppgåver som vi har brukt tid på å jobbe særskilt med i prosjektperioden.

4.1 Delmål 1 - Digital integrasjon

«Etablere sams digital informasjonsplattform som er spesielt tilrettelagt for behova til ungdom, studentar og (potensielle) tilflyttarar.» (Prosjektplan, januar 2013)

Dette var den mest konkrete og handfaste bestillinga i prosjektet. Arbeidet starta opp i desember 2012, i februar 2013 lyste vi ut anbodskonkurranse, og i slutten av mars skreiv vi kontrakt med utviklarane. Nettportalen vart lansert 20. august, same dag som høgskulen hadde offisiell studiestart (adresse: www.studiebygda.no)

Portalens hovudprofil, "historieforteljing", vart valt for å møte ønsket om at prosjektet også skulle vere eit omdøme prosjekt. På framsida fortel vi gode historier med tydeleg forankring til Volda, og gir både historiske og dagsferske bilete av positive hendingar som har relevans for målgruppene. Vinklinga er også valt med tanke på at portalen ikkje skal vere konkurrerende, men eit supplement, til partnarane sine eigne nettsider. Den skal vere noko alle partnarar kan vise og lenke seg til, og den skal gi tydeleg meirverdi.

Sida har innebygd ein kalenderfunksjon, "Kva skjer?", der alle lag og organisasjonar enkelt kan legge inn og få publisert sine eigne arrangement, slik at dei besøkande lett får oversikt over fritidstilbodet i Volda. Slik håper vi at kontakten mellom student og Volding etter kvart vert styrkt (må sjåast i samanheng med delmål 2 – sosial integrasjon). Vidare har portalen ein kartfunksjon "Stadar", der vi har lagt inn ei rekke stadar som det er greitt å vite kvar er, om du ikkje er kjend i Volda frå før. Denne kan enkelt utvidast med nye stadar. Elles ser vi at portalen har utviklingspotensiale, særleg under "Arbeidsliv og karriere" (må sjåast i samanheng med delmål 3). Dagens utgåve gjenspeglar så langt vi kom med disponible midlar.

4.2 Delmål 2 - Sosial integrasjon

«Systematisere og vidareutvikle kulturelle og sosiale tilbod som samfunnsdagar, festivalar, kulturtilbod, arbeid i lag og organisasjonar m.m. som møtestad mellom alle grupper i samfunnet.» (Prosjektplan, januar 2013)

Arbeidsgruppa vart sett i sving i midten av april 2013. Første milepåle var å samarbeide med Fadderveka om fellesarrangement i tilknytning til semesterstart i august. Gruppa var oppteken av korleis vi skulle få fleire voldingar og studentar til å møtast, og få fleire studentar til å engasjere seg i det lokale organisasjonslivet. Vi gjennomførte ein gratis «velkomstkonsert» med helsing frå ordføraren i sentrum (20. august), og vi var med og

inviterte både lokale og studentdrivne lag og organisasjonar til «marknadsføringsdagar» på høgskulen og i sentrum 23. og 24 august, saman med Fadderveka.

I oktober 2013 stilte vi med stand på Utdanningsdagane. Utdanningsdagane er eit årleg arrangement der avgangselevar ved dei vidaregåande skulane i regionen besøker Høgskulen i Volda og får innblikk utdanningane der. Vår post skulle vise fram studentkvardagen og fritidstilbodet vi har i Volda. Vi brukte funn frå nosituasjonsanalysen til å velje fokus, og studentane fekk sjølve formidle budskapet. Tilbakemeldingane var positive.

I desember 2013 arrangerte vi "Julefesten" 1. juledag, ein fest som Frivilligsentralen har organisert i om lag 10 år, men som trengte fleire krefter om den skulle vidareførast. Målgruppa for festen er alle som ikkje har så mange å vere saman med, bli inviterte til, eller som av ulike grunnar set pris på eit annleis fellesskap i jula. Gruppa tok ansvar for planlegge, organisere og gjennomføre festen. Arrangementet vart flytta frå omsorgssenteret til høgskulekantina, og vi fekk då så god plass at vi kunne utvide gjestelista. Vi inviterte med studentar og born, og det vart ein stor fest med om lag 120 gjestar, m.a. med fleire internasjonale studentar og born av flyktingar og innvandrarar i Volda. Vi fekk med frivillige til å servere, spele musikk og framføre ulikt program, m.a. var julenissen på besøk. Det vart servert tradisjonell julemat som hovudsakleg var sponsa av lokalt næringsliv.

I starten av februar 2014 var det internasjonal veke ved Høgskulen i Volda, og då arrangerte gruppa frukostmøte med temaet «Fleirkultur i arbeidslivet – ressurs eller utfordring?», som ein av programpostane. Vi fekk m.a. internasjonale studentar, innvandrarar, ein representant for skuleeigar, ein lokal kjøpmann og høgskuletilsette som jobbar med/i fleirkultur, eller som er fleirkulturelle sjølve til å dele sine erfaringar frå arbeidslivet. Det var godt frammøte og vi fekk gode innspel til korleis integreringa i arbeidslivet kan bli betre.

I løpet av prosjektperioden har vi bidrege til at dei 9 største festivalane i Volda og Ørsta har organisert seg i eit forum og registrert seg som ein frivillig organisasjon, Festivalforum. Hensikta med forumet er erfaringsutveksling, profesjonalisering og samarbeid. Alle dei ni festivalane er representert i styret, og Sunnmøre Kultur- og næringshage har tatt på seg å vere sekretariat. Festivalane som er med er: X2-festivalen, Naturfestivalen, Kyrkjemusikkveka, Sunnmøre Kammermusikkfestival, Bluesfestivalen Bratt og Blått, Veka, Dokumentarfilmfestivalen, Animation Volda og Dei Nynorske festspela.

Tidleg i mai 2014 arrangerte vi eit ope samrådsmøte om behovet for ny idrettshall i Volda. Vi hadde lenge hatt kontakt med forskjellige lag og organisasjonar som ønskte meir dialog om saka, også på tvers av lag og organisasjonar, med halleigar (kommunen) og andre interessentar (vidaregåande skule og høgskulen



Vi byggj modellar og planlegg innhald på «Snippholmen»

m.fl.). Kapasiteten i Volda-hallen er sprengt, og behova kan ikkje stettast fullverdig i andre lokale. Grappa såg at dette temaet var interessant både for voldingar og studentar, og tenkte at ved å vise til og byggje vidare på partnerskaps-modellen som er etablert i StudiebygdA-prosjektet, kan ein kanskje klare å løfte saka vidare i fellesskap. Det var om lag 40 personar frå ulike idrettar og interessantar som møtte fram på Rokken.

Siste oppgåva som arbeidsgruppa for Sosial integrasjon jobba fram, var ein del av Sentrumsutviklingsprosjektet som vart starta opp tidlegare på året. Vi vart utfordra til å finne eit område i sentrum som var lite brukt, og lage ein ny, midlertidig møteplass som kunne brukast av flest mogleg. Prosjektet fekk namnet «Snippholmen», på grunn av plasseringa av smauet mellom gatene Snippa og Holmen, og vi fokuserte på korleis denne plassen kunne bygge opp under StudiebygdA-posisjonen og visjonen for sentrumsutviklingsprosjektet «Volda sentrum – ein stad å dele og lære av kvarandre». Vi planla og førebudde prosjektet i nokre månader, før vi dei siste vekene i mai starta sjølv arbeid.



Luftig akrobatikk frå tauartist Karoline Aamås

Vi tok utgangspunkt i kva balansen betyr for læring, og fekk ein lokal tømrrar til å lage nokre enkle balanseapparatar som kunne nyttast av alle, og som ikkje kravde spesielle sikringstiltak. 28. mai var det klart for opning, og vi fekk ei skikkeleg markering med eit ungdomsband, Lommerosk, og ein tauartist med lokal tilknytning, Karoline Aamås, som trekkplaster.



Ordførar Arild Iversen testar balansen under opninga av Snippholmen

Ordføraren heldt tale, klipte snor og måtte teste balanseapparata før borna fekk sleppe til. Det heile vart feira med godt tilbehør som det lokale næringslivet hadde sponsa oss med: popcorn, bollar, pølser, saft og kaffi. Ein flott dag!

4.3 Delmål 3 - Entreprenørskap og karriere

«Systematisk hjelp til sjølvhjelp og tilrettelegging for studentar/kandidatar, innflyttarar og fastbuande i bedriftsetablering/-utvikling, tilrettelegging for utdannings- og arbeidslivskarriere.» (Prosjektplan, januar 2013)

Arbeidsgruppa starta opp i april 2013, og første oppgåve var å lage ein samfunnsdag med fokus på arbeidsliv. Gruppa valde å lage eit kveldsarrangement, Karrierekveld, der vi samla representantar for ulike næringsvegar for å fortelje om egne erfaringar med yrkesval og karriere. Tidspunktet i september vart valt fordi Høgskulen i Volda på same tid arrangerte Karrieredagar for alle 10. klassingar i regionen, og at kveldsarrangementet kunne vere eit supplement for foreldre og elevar når temaet likevel var på dagsorden.



Einar Hareide(t.v) fortalde om livet som industridesignar og voldingen Jens Olav Dankertsen (t.h.) delte sitt personlege eventyr om etableringa av Livid Jeans på Karrierekvelden 2013

Eit av områda som peika seg ut med forbettringspotensiale i nositasjonsanalysen, var kjennskap til Ungt entreprenørskap (UE) og systematisk bruk av deira program og tilbod. UE har fleire spesialtilpassa program for heile utdanningsløpet, frå barnehage til høgskule, og

kommunar/skular som brukar programma er svært godt nøgde. Gruppa arrangerte difor ei møterekke med Volda-skulane i november 2013, først og fremst for å arbeide med haldningane til entreprenørskap generelt, men også få gitt meir informasjon til skuleeigarar om UE, samt det lokale virkemiddelapparatet, som Hoppid.no, Sunnmøre kulturnæringshage og Volda næringsforum. Vi fekk møte skuleleiinga på ungdomsskulenivå i kommunen, på Volda vidaregåande skule og Høgskulen i Volda. Leiaren for Ungt entreprenørskap i Møre og Romsdal, Kirsten Aure, var også med. Vi utfordra alle skulane til å ta i bruk UE sine program, t.d. Grundercamp, og til å vere meir medvitne om vokabularet knytt til forretningsdrift når dei for eksempel arrangerer Grand Prix-veke på Volda ungdomsskule og Musikalen på vidaregåande skule, og legge dette tydelegare inn i aktivitetane som elevane jobbar med då. På høgskulen oppfordra vi leiinga og studentane til å etablere studentorganisasjonen Start Norge i Volda, og sa at dei generelt bør arbeide mot å få meir trykk på entreprenørskapsarbeid i fleire av utdanningane. Studentorganisasjonen Start Norge (etabl. 2002) jobbar med å fremje innovasjon og entreprenørskap blant studentar, og arrangerer m.a. Venture Cup, som er den største forretningsplankonkurransen i Noreg. Vi håper at dette kan arrangerast i Volda i 2015. Tilbakemeldingane frå samtlege møte, var at det er vanskeleg å finne tid til slike aktivitetar, i allereie fulle timeplanar, og at det difor ikkje kan prioriterast på kort sikt. Men, alle er positive og vil arbeide for å få entreprenørskap meir på kartet.



Sommarbedrift i Volda 2014

KONKURRER OM OPPTIL 75.000 I STARTKAPITAL

SKAP DIN EIGEN SOMMARJOBB!
Har du ein forretningsidé? I Volda får du sjansen til å realisere den!

StudiebygdA har 250 000 kr som vi deler ut til 3-5 studentbedrifter som skaper aktivitet i Volda komande sommar. Ei studentbedrift må bestå av minimum 2 studentar, og med eit tilskot på mellom 50-75 000 kr per bedrift er du sikra minsteinntekt. Om idéen din slår an, kan du sjølvsagt tene mykje meir.

Viktige datoer:

- 20. mars Kurs frå hoppid.no - Starte bedrift: Skal/Skal ikkje
- 1. april Meld på idéen om SB til post@studiebygd.no
- 4. april Pitchekonkurranse
- 8. april Kurs frå hoppid.no - innføring i forretningsplan

Seinare blir det kurs i økonomi/rekneskap og PR/marknadsføring.

Lær meir: fb.com/sommarbedrift
 Meld deg på innan 1. april til post@studiebygd.no

studiebygd@

Hausten 2013 lyste Møre og Romsdal fylkeskommune ut midlar til Gründer-satsing, og i den samanheng søkte vi difor om prosjektmidlar til eit tiltak som vi kalla Sommarstudentbedrift. Med dette prosjektet ønskte vi å legge til rette for etablering og drift av UE-studentbedrifter som kunne skape meningsfull aktivitet for born og ungdom om sommaren. Slik grunn gav vi søknaden:

«Konkret ønskjer vi å legge til rette for at studentar skal få bruke kunnskapen sin til å drive sommarbedrifter og såleis skape sin eigen sommarjobb, med god støtte frå ressursar som partnerskapen rår over. Samla sett sit partnerskapen på ein rekkje ressursar som kan utnyttast betre og til beste for både studentar og folket, slik som spesiallokale for musikk, drama, kunst- og handverksaktivitetar, idrettshall, symjehall, mediestudio, studenthyblar m.m og som står ubrukte nokre

månader kvar sommar. Tanken er at sommarbedriftene skal kunne gi tilbud til barn og unge, i form av ulike sosiale- og kulturelle aktivitetstilbud som animasjonsverkstad, drama-/musikkcamp, m.m... Alle studentar som er med, får kunnskap og erfaringar som dei tek med seg når dei skal ut i det verkelege livet og kanskje etablere seg sjølve etter studia, og då fortrinnsvis i Møre og Romsdal.»

Vi fekk tilslag før jul og frå tidleg vinter i 2014 har vi arbeidd med å etablere og få i gong eit apparat rundt prosjektet. Sjølve gjennomføringa skjer etter at hovudprosjektet er ferdig, og rapport skal leverast separat til Møre og Romsdal fylkeskommune i løpet av hausten. Tilskottet på kr 247 000 kr går uavkorta til lønnsinntekt for studentbedriftene.

I januar 2014 starta høgskulen opp emnet "Entreprenørskap i kulturnæringa", som gir 15 studiepoeng. Emnet er ope for alle studentar ved høgskulen, og Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda Næringsforum bidreg med forelesingar om det praktiske kring oppstart og drift av eiga verksemd og med informasjon om virkemiddelapparatet som fyrste-linjetenesta Hoppid.no, Innovasjon Norge sine ordningar og Skattefunn. Kompetanse-givande kurs i Hoppid.no programmet blir arrangert på Høgskulen i samarbeid mellom Studenttinget i Volda og Sunnmøre Kulturnæringshage som driftar Hoppid.no kontoret for Volda kommune, og bidreg til ein entreprenøriell møtestad mellom studentar og fastbuande i regionen.

I påska 2014 stilte engasjerte studentar opp og gav ungdomar frå Volda og regionen eit gratis kurs i lyd, lys og DJ-ing. Kurset vart annonsert på Facebook for aldersgruppa 12 – 18 år og vi hadde også samarbeid med ungdomsklubben i Volda, Telebygget, om marknadsføring og rekruttering av deltakarar. Det var i alt 15 ungdomar som melde seg på og alle fekk plass. Kurset vart halde i konsertsalen på studenthuset Rokken, der dei har «alt» tilgjengeleg lyd- og lysutstyr. Det heile vart toppa med ein konsert siste dagen, der ungdomane sjølve styrte lyd og lys for eit rockeband som spela live. Dette er eit eksempel på korleis vi kan koble studentar og lokale ungdomar tettare saman, samstundes som vi får vist fram nokre muligheiter for karrierevegar innanfor kulturnæringa.



LYD, LYS OG DJ KURS + KONSERT

Vil du lære å mikse lyd, lyssette konsertar, eller å lage ly på dateregulert som DJ?
No har du sjansen! Studenthuset Rokken og StudiebygdA inviterer ungdom i Volda og omegn til kurs og konsert i påsk!

For alle studenter 12 år
Mer informasjon og påmeldingsbarna finn du på studiebygd.no eller på facebookarrangement

Torsdag
15. April

Finne konsert

Onsdag
16. April

Andre konsert

Lørdag
18. April

Det heile avsluttet med konsert
15 konsertar i ulike arrangement
18 tips og 8 tips på scena

RØKKEH studiebygd

Grappa har ikkje starta det påtenkte arbeidet med å systematisere og greie ut mulighetene for samordna rettleiingstenester, t.d. i form av Karrieresenter. Haldningane har vore at på dette området syter kvar part for seg og det er lite interesse for samarbeid på feltet no. Det er likevel sett på som eit viktig tiltak, jamfør Nosituasjonsanalysen, og vi håper at partane kan jobbe vidare med dette utover prosjektperioden.

I denne arbeidsgruppa var vi så heldige å få med May Britt Roald, frå region- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, og ho har vore ein pådrivar og god medspelar for å få lagt trykk på entreprenørskapsarbeidet i Volda.

4.4 Nosituasjonsanalyse

Dette er eit arbeid som vi gjennomførte våren 2013, og som munna ut i ein rapport frå Sentio Research. Oppgåva hørde eigentleg til i forprosjektet, men vart utsett då dåverande prosjektleiar gjekk over i ei anna stilling. Vi oppnemnde ei arbeidsgruppe med eit tydeleg mandat frå styringsgruppa, og som vart sett saman av representantar frå høgskulen, samskipnaden, studenttinget, kommunen og kulturnæringshagen.

Vi ønskte å få svar på kva oppfatningar dei tre målgruppene (ungdomar, studentar og tilflyttarar) hadde om Volda som studiebygd og Høgskulen i Volda, og spesielt knytt til dei tre førehandsdefinerte arbeidsområda for prosjektet. Målingane vart utførde med elektronisk spørjeskjema til elevar på vidaregåande skular i Stryn og på Sunnmøre, og til alle aktive studentar ved høgskulen som hadde semesteradresse i Volda. Tilflyttarar vart plukka ut gjennom direkte kontakt med ulike arbeidsgivarar i Volda, og desse vart oppringt og intervjuar kvalitativt. Analysen gav interessante funn som vi har brukt i alle arbeidsgruppene. Funna er også relevante for partnarane i seg sjølv, og kan brukast i eige arbeid. Det er inngått avtale med Sentio Research om gjennomføring av ei tilsvarande måling våren 2016, og då kan vi samanlikna resultatata frå 2013, og få sett om oppfatningane endrar seg over tid og i ønska retning.

4.5 Kommunikasjonsplan

Sidan prosjektet også skulle fokusere på omdømebygging for Volda, vart det sett som naturleg å få på plass ein felles kommunikasjonsplan. Styringsgruppa sette ned ei arbeidsgruppe med representantar som har kommunikasjonsansvar i partnarorganisasjonane, og dei har hatt fleire møter i prosjektperioden. Kommunikasjonsplanen skal vere ei hjelp til alle som skal kommunisere på vegner av StudiebygdA-partnarskapen eller om StudiebygdA, og skal gi partane ein samlande og konsistent tilleggsdimensjon til eigne kommunikasjonsstrategiar. Av ulike årsaker kom vi ikkje i mål med arbeidet, og vi ser at partane med fordel kan arbeide vidare med dette framover.

4.6 Redaksjonsråd

I tilknytning til lanseringa av nettsida www.studiebygda.no i august 2013, oppretta vi eit partssamansett redaksjonsråd. Alle partnarar har forplikta seg til å bidra med innhald på jamn basis gjennom ein avtale om redaksjonsmodell. Vi ser at det må jobbast meir med å innarbeide gode leveranserutinar i partnarorganisasjonane, dvs. at det må prioriterast tid og eventuelt andre ressursar. I februar 2014 vart det avtala at Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda skal ha ansvar som redaktør og for dagleg drift, og i juni 2014 tok dei over denne oppgåva frå prosjektorganisasjonen. Redaksjonsrådet forøvrig (dvs. alle partnarane) har ei forplikting til å vere pådrivarar for tiltak som styrkar portalen sin tiltenkte funksjon. Redaksjonsrådet har hatt ein del møte i prosjektperioden, og har også fått eit eige kurs i nettjournalistikk frå ein av dei fagtilsette ved Avdeling for mediefag.

4.7 Omdømmeskulen

Sommaren 2013 inviterte Distriktssenteret oss til å delta på Omdømmeskulen. Partnerane v/ høgskulen, kommunen og Volda næringsforum vart påmelde med ein deltakar kvar, i tillegg til prosjektleiar. Dette arbeidet har vi brukt mykje tid på gjennom vinteren 2013/2014. Det har vore idemyldringar og diskusjonar om mange interessante tema, og vi har løyst spanande heimelekser som vi har lært mykje av.

Som ein del av denne prosessen arrangerte vi eit fellesseminar for styringsgruppa og alle arbeidsgruppene i desember 2013. Fagansvarleg for Omdømmeskulen, Harald Espeland i TIBE PR, gav oss ein presentasjon av korleis vi kan organisere omdømmearbeidet etter ein steg for steg metode, samt at han utfordra oss til å finne ut korleis vi kunne ta grep som ville få heile Volda til å identifisere seg med posisjonen «StudiebygdA». Våren 2014 har vi difor brukt tid på å vere i ein kreativ prosess, der vi har sett på dei mange muligheitene for utvikling av stadskvalitetar, og som er unike for Volda. Det er viktig for oss at vi utviklar tiltak som treff voldingen også, og at dette ikkje blir oppfatta som eit prosjekt berre for studentane og høgskulen. Styringsgrupped medlem Astrid Gjersdal på Frivilligsentralen har uttrykt dette slik:

“Eit viktig mål er at voldingar flest skal ha som ein medviten identitet at dei er ein del av StudiebygdA, anten dei er knytt til høgskulen, arbeidar i kommunen, på sjukehuset eller på Scana. Vi ynskjer å bevisstgjere den historiske arven vår og føre han vidare som eit identitetsmerke inn i framtida, også etter at prosjektet vert avslutta 31. mai.”

I mars 2014 vedtok styringsgruppa ei prioritert liste over stadskvalitetar som dei ønskjer at det skal jobbast vidare med, og som partnerskapen må følgje opp etter prosjektperioden.

4.8 Høgskulebygd-samarbeid/Byregion-samarbeid

I juni 2013 inviterte Distriktssenteret oss til å bli med og lage nettverk saman med høgskulebygdene Bø og Sogndal. Dei oppfatta at vi har mange felles utfordringar og mykje å lære av kvarandre. I løpet av hausten jobba vi med å konkretisere dette. Etter at det vart regjeringsskifte og nytt budsjettår, fekk Distriktssenteret nye oppgåver, og kontakten dreia seg etter kvart over til å motivere oss til bli med i eit samarbeid om byregionar. Kommunen har etter kvart tatt eit stort ansvar for dette, og jobbar med å realisere eit konkret samarbeid med minst ein nabokommune og høgskulen.

4.9 Kommunikasjonsoppgåver

I heile prosjektperioden har prosjektorganisasjonen jobba aktivt mot lokal og regional presse. Vi har fått mange oppslag og er godt nøgde med pressedekninga. I tillegg har vi jobba på sosiale medium for å skape engasjement og entusiasme rundt prosjektet. Vi har nytta FaceBook, Twitter og Instagram for å få blest om sakene våre, og etter kvart også vår eiga nettside: studiebygda.no. Dette er dei kanalane som har vore viktigast å prioritere for å nå hovudmålgruppene våre.

I Volda sentrum har vi ved fleire høve stilt med eigen stand der vi har steikt sveler og servert drikke, m.a. på Livleg laurdag under Veka 2013 og 2014, og når handelsforeininga har hatt ønske om bidrag som skaper meir aktivitet rundt laurdagshandelen. Studentane har stilt

velvillig opp på desse arrangementa og har bidrege med leikeaktivitetar og DJ-miksing. Slik har vi brukt sentrum både som ein møteplass mellom studentar og lokale innbyggjarar, og samstundes fått gi innbyggjarane eit direkte møte med, og kunnskap om, prosjektet.



Elevar på Gründercamp har bygd modell av aktivitetsparken dei ønskjer seg i Ørsta

I 2013 og 2014 har vi også vore oppdragsgivarar på Gründercamp ved Ørsta ungdomsskule, og synleggjort Volda og Høgskulen i Volda for ungdomar i nabokommunen. Begge oppdraga har hatt fokus på kva som kan gjerast for at sentrum kan bli brukt aktivt av ungdom, og der ungdomen sjølv kan bidra til utviklinga. For oss har dette også vore ein måte å få kunnskap om kva som skaper bulyst for ei av målgruppene våre.

Prosjektlear har også presentert prosjektet for ulike organisasjonar undervegs, m.a. for Ungdomsrådet, Eldreuniversitet, Rotary, Inner Wheel, nabokommunar og for delar av lokalt næringsliv. Vi har også delteke og presentert prosjektet på regionale bulystsamlingar, samt at vi stilte med eigen stand på arbeids- og utdanningsmessa i Nordfjardeid i påska 2014.

5. Samarbeid med andre

Allereie i januar 2013 tok vi initiativ til ei felles bulystsamling i Volda, då vi inviterte bulystprosjekta Designlandet i Stryn, VAKN i Nordfjordeid og integrering i Herøy/Ulstein til dagsseminar. Dette har vore eit svært nyttig fora, der vi har diskutert felles problemstillingar og utfordringar. I løpet av 2013 hadde vi tre slike fellessamlingar.



Designlandet, VAKN og Studiebygda-representantar i Stryn, juni 2013

Møre og Romsdal fylkeskommune har også arrangert to samlingar for bulystprosjekt i fylket, som har vore til god støtte og inspirasjon. Den første samlinga var i Volda i februar 2013, og den andre på Averøy i november 2013. Vi har også hatt god hjelp frå Distriktsenteret undervegs, som kom på besøk i februar 2013 og gav oss verdifull «drahjelp» til å starte opp omdømmearbeidet.

Lokalt har vi samarbeidd med mange personar og organisasjonar om ulike aktivitetar. Vi må spesielt nemne Studentsamfunnet, Vekestyret, Faddervekestyret, Studenthuset Rokken, Handelsforeininga, Idrettsrådet og VTI fotball. Når det gjeld enkeltpersonar som har stilt opp som frivillige, - de veit kven de er! Det er flust av trivelege, hjelpsame studentar og fastbuande som vil bidra i Volda!

6. Resultat

Vi dristar oss til å seie at vi har gjennomført landets kortaste bulystprosjekt. På 18 månader har vi prøvd å leve opp til store forventningar om endringar og ein ny, felles giv for studiebygda Volda. Det skulle mobiliserast, organiserast og leverast resultat på fleire store arbeidsområde av sju organisasjonar som ikkje hadde jobba saman i noko utstrekning før. Nye konstallasjonar og personar vart stemna i møte, og det har vore utfordrande på fleire måtar, både for partnarane og prosjektleiinga. Men, etter å ha jobba oss gjennom denne perioden, har det totalt sett gitt alle både meining og meirsmak. Vi har avtala at vi skal halde

fram med å arbeide i partnerskap utover prosjektperioden, og det er i seg sjølv eit svært viktig resultat for oss.

Gjennom dei mange aktivitetane og presseomtalan har vi også klart å synleggjere kvalitetar ved Volda som studiestad for større delar av regionen. Presseoppslag i Regionavisa og Sunnmørsposten har vore verdifulle.

Vi kan konstatere at det har gått mykje meir tid og energi enn ein tenkte seg til å forankre og implementere samarbeidsprosjektet i organisasjonane. Det vart ganske raskt avdekt at forventingar til, og førestillingar om, kva prosjektet var eller burde vere, var mangfaldig. Dette gjorde at styringsgruppa måtte gå rundar med tema forventingsavklaringar og vurdering av risikofaktorar (sjå figur 3), fordi det var viktig å sikre at vi var samde om retninga og korleis vi best mogleg skulle lukkast. Gjennom dette har vi også blitt betre kjende med kvarandre.

Risikotypar:			
Resursrelaterte	Moralsk relaterte	Kunnskapsrelaterte	Byråkratisk relaterte
Mobilisering	Vilje til endring	Samhandling	Forankring/oppfølging
Økonomi	Kultur for nytenking	Kommunikasjon	Fleksibilitet
Eldsjeles	Haldningar		Forpliking
Engasjement			
Tid			

Figur 3 – Risikofaktorar som kan føre til kritiske manglar i prosjektet (Eigenvurdering, mars 2013)

Med bakgrunn i at skulemiljøet med Høgskulen i Volda som den største institusjonen er å rekne som berykjelke i Volda-samfunnet, er relasjonsbygginga prosjektet har skapt svært viktig for den vidare utviklinga i Volda. Gjennom eit breitt partnerskap og aktivitetar har ein fått synleggjort synergiane av høgskulemiljøet og blitt gjort bevisst samanhengane mellom studentane i bygda og samfunnet elles.

Konkret har den delen av partnerskapen som gjeld høgskulen og kommunen utvikla felles forståing av situasjonen og utfordringar når det gjeld utvikling av campus, og ein er no i overgangen frå avslutninga av prosjektet til å initiere ein prosess for planlegging og utbygging for å utvikle høgskulen i kommunen og for regionen.

Oppfatningar blant nokre av partnarane om at prosjektorganisasjonen skulle «gjere jobben», og mindre forståing for at ein som partnar faktisk skal gjere jobben sjølv, har også vore ei utfordring. Vi må arbeide vidare med å skape felles forståing for samarbeidsmodellen – at alle «eig» og at jobben må gjerast i lag. T.d. er Julefesten og «Snippholmen» glimrande eksempel på korleis fellesskapet (partnerskapet) har fungert i samspel og arbeidsdelinga har bidrege til å løfte tiltaka. Dette må vi vidareutvikle og gjenbruke på fleire område.

Deltaking på Omdømmeskulen har også resultert i at vi har vorte mykje meir klar over styrkar og veiskapar ved lokalsamfunnet vårt, og det har gitt oss ei tydeleg retning på kva vi vil utvikle meir av i lag. Val av visjon for sentrumsutviklingsprosjektet «Volda sentrum – ein møteplass for å dele og lære av kvarandre» er eit direkte resultat av denne prosessen.

Samanlikna med andre bulystprosjekt (sjå punkt 5), erfarer vi at vi har hatt eit større og meir omfattande formål, fleire og ulike formelle partnerar som skal medverke til endring, i tillegg til svært kort tid. Både voldingar og studentar uttrykker at prosjektet har vore godt synleg, og at vi har jobba med relevante tema. Oppnådde resultat syner at vi er på rett veg.

7. Læring og overføringsverdi til andre

Ved partnerskap bør ein bruke meir tid til forankring og planlegging enn ved organisasjonsinterne prosjekt. Prosjektet må vere «eigd» av alle partnerar og målsettingar må sjåast i forhold til tilgjengeleg tidsperspektiv og ressursar.

Gi god informasjon til alle «lag» i organisasjonen, frå topp til botn og botn til topp. Lag gjerne møteplassar og prioriter satsingsområda i fellesskap. Det er viktig for at personar som faktisk skal jobbe med prosjektet i arbeidsgrupper eller yte tenester, føler eigarskap, blir motiverte og vil forplikte seg til å arbeide mot prosjektmåla.


Partnerskap må mobilisere deltakarar med rette kvalifikasjonar og interesse i høve til prosjektmåla.

Bruk tid til reforankring ved personsifte eller andre større endringar.

8. Vidareføring av partnerskapet

Alle partnerar ønskjer å vidareføre samarbeidet og bruke modellen for å styrke og vidareutvikle Volda-samfunnet. Vi skal bruke StudiebygdA aktivt som merkevare, og gjennomføre målretta fellestiltak, og støtte opp om kvarandre.

I juni 2014 vedtok alle partnerar som har vore med i prosjektperioden at dei skal inngå ein forpliktande partnerskapsavtale. I tillegg blir Volda vidaregåande skule med som ny partner, fordi dei også ønskjer å vere med på utviklinga av Volda som studiestad.



Volda sentrum

Ulike bilete frå prosjektperioden:



Bulystsamling i februar 2013 m. fylket og Distriktssenteret på plass



Trivelege studentar freistar med billetter til Veka 2013



Frå Utdanningsdagane for 3. klasse i vidaregåande skule i november 2013



Frå Samrådingmøtet, mai 2014, i kafeen på studenthuset Rokken



«Snippholmen» - før og etter